



Tilleggsinnkalling  
av  
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 03.10.2022  
**Møtestad:** Alver rådhus - kantina  
**Møtetid:** 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Det vert felles orienteringsmøte for RMNF og eldrerådet i kantina kl. 12.00. Deretter held RMNF fram sitt møte med handsaming av vedtakssaker.

### Sakliste

Saknr	Tittel
045/22	Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland

29. september 2022

Magne Bjørndal  
møteleiar

Nora M. K. Gjerde  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-C00, FE-130  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 25.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	
045/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	03.10.2022
041/22	Eldreråd	03.10.2022
040/22	Utval for helse og omsorg	04.10.2022
061/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.10.2022
	Alver kommunestyre	

### Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner høyringsuttale som den ligg i saka, til regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland – Kultur bygger samfunn.

#### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for helse og omsorg, ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Bakgrunn

Vestland fylke har sendt ut framlegg til regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023–2035 på høyring. Planframlegget har fått tittelen *Kultur bygger samfunn*. Høyringsfrist er 4. november.

Planen vert den første kulturplanen for heile Vestland fylke, og femner om eit breitt kulturomgrep i eit 12-årsperspektiv.

Det er tre dokument på høyring:

1. Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit – temaplan
2. Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit – aktør og fagplan
3. Handlingsprogram 2023 – 2026

Planen skal vere retningsgivande for planlegging på andre forvaltingsnivå, og ein felles plan for heile Vestland fylke.

Alver kommune deltar i planarbeidets administrative styringsgruppe, som overordna referansegruppe for planen.

#### Saksopplysninger:

Planframlegget er omfattande og strukturert i tre delar. Saksutgreiinga oppsummerer ikkje desse av

omfangsomsyn, men referer til dei tre plandokumenta som ligg ved saka.

Kommunedirektøren tilrår uttale til planframlegget som følgjande:

### **Høyringsuttale Alver kommune:**

Alver kommune ser det som positivt med ein ny og brei kulturplan for heile fylket, og ser fram til vidare godt samarbeid om utviklinga av det breie kulturfeltet framover.

Alver kommune har nyleg vedtatt samfunnsdel med følgjande hovudmål:

- *Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga*
- *Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender*
- *Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse*
- *Alver har eit berekraftig næringsliv, med Mongstad som landets fremste industriklynge*

Til dette ligg tydelege målformuleringar og vegval, som på ulikt vis treff det breie kulturfeltet innan alle hovudmåla. Dette følgjast opp i prosessen knytt til kommande kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv, som har tilsvarande tidshorisont som fylkeskulturplanen.

### **Alver kommune vil særleg peike på følgjande tema:**

- Alver kommune ønskjer å framheve moglegheiter for felles innsats og utvikling når regional og lokal planlegging skjer i same tidsrom og for same tidshorisont.
- Alver kommunes samfunnsdel har som delmål *Alver har kulturhus og svømmehall i regionsenteret*. Ei slik utvikling vil oppfylle fylkeskulturplanens mål på fleire område. Alver kommune ser det som viktig og ønskjeleg med eit godt og tydeleg samarbeid med regionalt nivå om saka, og at fylkeskulturplanen i størst mogleg grad legg til rette for satsingar som støtter opp om desse viktige prosjekta i Nordhordland.
- Regionale verkemidlar og satsingar innan kulturfeltet må ha med seg Alvers særlege posisjon mellom tettstad, forstad og tradisjonsrike bygder, der kommunens kulturutviklingsbehov treff både som by og som bygd. Planframlegget omtalar Bergen og sterke regionsenter. Dei særskilde dimensjonane knytt til regionsenter som ligg nær byen må òg takast omsyn til i fylkeskulturplanen.  
  
Nye tal viser at nærleik til byens kultur- og idrettstilbod *ikkje betyr* at innbyggjarane i Alver i særleg stor grad nyttar dette. Samstundes har dei i liten grad slike tilbod i eigen kommune. Fylkeskulturplanen bør ta mål om seg å bidra til auka kulturtilbod og -aktivitet i kommunane som ligg i kulturtilbodsskuggen av Bergen.
- Seniorkultur, barne- og ungdomskultur, frivilligsentralar og utstyrssentralar er lite synleg i aktør- og

fagplanen. Dette er sentrale delar av kulturfeltet og bør få tydelegare omtale og retning i planen.

- Alver kommune ser generelt mål- og strategiformuleringane i handlingsprogrammet som dekkande og retningsgivande for fireårsperioden, men vil peike på at planen ser i liten grad ut til å prioritere.

#### **Generelle innspel:**

- Alver kommune ser at planen med fordel kan tydeleggjere samanhengane mellom målformuleringane i plandokumentet, handlingsprogrammet og måla i aktør- og fagplanen.
- I plandokumentet vert omgrepa *mål og satsingar* nytta, mens i handlingsprogrammet er omgrepa for same formuleringar *mål og delmål*. Det kan framstå uklart om det er ulike forventingar knytt til *satsing* kontra *delmål*.
- Alver kommune ser at det kan komme tydelegare fram korleis måla i aktør- og fagplanen er meint å oppfylle mål, satsingar og delmål i plandokumentet og handlingsprogrammet.
- Generelt er ikkje måla i dei ulike delane av planen formulert som mål, men som handlingar, vegval eller status. Dette skapar usikkerheit til kva som eigentleg er mål og kva som er vegval.

#### **Kultur bygger samfunn og handlingsprogram**

Alver kommune ser plandokumentet *Kultur bygger samfunn* som ei oversiktleg og god gjennomgang av feltet, og som legg tydelege overordna føringar for dei neste 12 åra. Spørsmål knytt til mellom anna arealbruk, kompetansetilgang, digitalisering, miljø, klima, inkludering og mangfald er viktig tema for det breie kulturfeltet i åra framover.

For Alver kommune er særleg arena- og møteplassfunksjonar viktig, og tema knytt til å vidareutvikle Nordhordland som ei attraktiv region med gode nærmiljø og aktivitetsanlegg. Alver kommune støtter perspektiva på etterslep på mellom anna svømmehallar, kulturhus og magasin, og at mangelfull tilgang til slik fysisk infrastruktur er ei sentral utfordring i tida framover.

Planen balanserer godt amatørkultur og frivilligheit mot profesjonell kultur og næringsperspektiv. Samspelet mellom amatør og profesjonell er grunnleggande for godt samspel på det lokale nivået. Fokuset på demokrati og deltaking er naturleg for eit breitt kulturfelt.

Alver kommune ønskjer eit sterkare fokus på ungdom enn det som kjem fram av planen. Plandokumentet omtalar kunnskapsgrunnlag, men er i liten grad retningsgivande for ungdomskulturen som eige felt.

Planen omtalar frivilligheit som eige tema på noko kort vis. Dette kan med fordel utdjupast, sjølv om amatørkultur og frivilligheita er gjennomgåande i planframlegget. Frivilligsentralanes rolle er ikkje nemnd i planframlegget.

Planen omtalar tidlegare diskusjonar om nytteverdi kontra eigenverdi. Denne tradisjonelle diskusjonen er fagleg utdatert, og Alver kommune støtter at planen legg opp til meir oppdaterte definisjonar på kulturområdet. Likevel kan omtalen av desse perspektiva vere tydelegare formulert, og gjerast meir tilgjengeleg.

Alver kommune støtter hovudtrekka i handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet omfattar dei fleste perspektiv innan det breie kulturfeltet. Likevel står ikkje denne delen av planen fram som særleg prioriterande og retningsgivande, men nærmast som oppsummerande. Fylkeskulturplanen skal femne mange, og ein ambisiøs og god regional plan som dette bør prioritere retning og utvikling på ein tydeleg måte.

Handlingsprogrammet legg fram eit vidt mangfald av strategiar for perioden 2023-2026, som vil fordre mange tiltak, kjapp finansiering, stor kapasitet og involvering frå svært mange ulike aktørar. Strategiformuleringane ser ut til å ha eit lenger perspektiv enn fire år, og framstår som gyldige for heile planperioden. Planen bør sjå om tidshorizonten for oppfølging av mål og strategiar er meningsfull.

### **Aktør og fagplan:**

Alver kommune ser det som tenleg at planframlegget er tydeleg på dei ulike fagområda innan det breie kulturfeltet, men ser det som noko uklart korleis måla i denne delen heng saman med dei overordna måla i dei andre dokumenta.

#### **1. Kulturarv**

Kulturarv som identitets og verdiskapingsressurs er viktig for nærings-, opplevings- og samfunnsutvikling. Samstundes femner det tilknytte målet breiare perspektiv enn kulturarv aleine, og er noko rundt formulert. Her er handlingsprogrammet meir retningsgivande.

Immateriell kulturarv, tradisjonshandverk og tradisjonsuttrykk er sentralt i å vidareutvikle lokal identitet og kunnskap til kommande generasjonar. Mellom anna er satsingar på distriktsmusikarsamarbeid og tilgjengeleggjering av eksisterande kunnskap viktig. Målformuleringa ser til at Vestland skal vere leiande innan temaet, noko som fleire plassar vil vere eit stort sprang frå dagens situasjon.

Alver kommune ser at forventningane og oppgåvene til det lokale nivået når det gjeld førreformatoriske kulturminne generelt kan vere noko uklart. Målformuleringa tilseier at kommunane og det lokale skal ha del i dette, særleg opp mot frivilligheit, deltaking og formidling.

Alver kommune ser målformuleringa knytt til bygningsvern og kulturlandskap som tenleg, og ser fram til vidare samarbeid om saksfeltet. Tilgjengeleg kompetanse til private eigarar gjennom kultur- og bygningsvernteneste er avgjerande. Alver kommune ser gjenbruk av eksisterande bygningsmasse som eit viktig fokusområde for å redusere klimaavtrykket, men ønskjer løysingsorientert fokus på utfordringar knytt til byggekrav og at kommunane i liten grad kan sjå til ekstern finansiering ved slike prosjekt. Kommunane er store eigarar av historisk bygningsmasse, samt store utbyggjarar.

Som kystkommune er vern av fartøy eit viktig tema som engasjerer breitt og som reflekterer ein svært viktig del av lokal kultur og historie.

Musea våre er sentrale aktørar i konservering og formidling av vår felles kulturarv. Alver kommune har gode museum som mellom anna forvaltar utmark som ressurs for mennesket, formidling av migrasjonshistorie og industrihistorie. I tillegg kjem eit stort frivillig engasjement og drift mellom anna knytt til einskilde bygningar og ulike tematiske satsingar.

Målformuleringa er knytt til aktive institusjonar med gode fellestenester. Alver kommune ønskjer å peike på viktigheita av vidareutviklinga av fellestenester som bygningsvernteneste og magasin. Gjenstandssamlingane i Nordhordland er liten grad registrerte, og i tilfelle oftast på papir. Situasjonen er sårbar og både materielle og

immaterielle kulturverdiar kan gå tapte.

Vidare ser Alver kommune at nordhordlandske perspektiv på kysthistorie og kystaktivitet kan formidlast tydelegare i eit regionalt og nasjonalt perspektiv.

- Planen bør setje målet knytt til kulturarv som verdi- og identitetsskapande ressurs i ein tydelegare og breiare samanheng.
- Alver kommune oppmodar at planarbeidet ser mot strategiar som kan vise veg fram til ein leiande posisjon innan immateriell kulturarv, tradisjonshandverk og tradisjonsuttrykk.
- Planen bør tydeleggjere koplinga og forventinga til lokal innsats når det gjeld førreformatoriske kulturminne
- Alver kommune er historisk sett knytt saman av sjø og mindre vassdrag, og ser målet om å ta vare på eit mangfald av mobile kulturminne som tenleg og godt.
- Dersom ein skal få til eit større gjenbruk av eksisterande bygg, bør planen sjå til strategiar som støttar kommunane i denne saka, både knytt til behov for kompetanse, utfordringar knytt til byggestandard, og finansieringsspørsmål.
- Rammevilkåra for museumsfeltet er sentralt for utviklinga, og måloppnåinga fordrar eit fokus på medfinansiering av både nyinvesteringar og drift av museumsfeltet.
- Bygningsverntenesta har stor verdi og må oppretthaldast, og ein bør sjå etter magasinkapasitet for gjenstandsmateriale frå Alver kommune og Nordhordland.

## **2. Fysisk aktivitet, idrett og anlegg, friluftsliv, e-sport og gaming**

Alver kommune ser målformuleringane som tenlege og aktuelle. Samstundes kan det vere nyttig med drøfting om aldersmessig prioritering. Tilrettelegging for vaksenaktivitet, både i fysisk og sosial forstand, kan med fordel aukast i åra framover. Erfaringar frå pandemien viser konsekvensar av at vaksne ikkje kunne oppretthalde fysisk og sosial aktivitet på ein god måte.

Samstundes vert barn og unge oftast slått i lag som kategori i offentleg planlegging. Alver kommune ser utfordringar innan ungdomsidretten, men ei særleg negativ utvikling og relativ posisjon knytt til barneidrett.

Alver kommune støttar opp under satsingar knytt til inkludering, tilrettelegging og integrering, Målformuleringane innan feltet er tenlege og aktuelle.

Friluftslivet er òg i Alver vår mest populære aktivitet. Kommunen har svært gode naturgitte føresetnadar for å verte leiande innan friluftsliv. Planframlegget har eit godt fokus på arealforvaltning, sikring og naturen som arena for friluftslivet. For Alver er spørsmål om eventuell nasjonalpark i Masfjordfjella viktige òg i ein friluftslivdimensjon. Mange kommunar deltek i friluftsrådssamarbeid, som er ein dimensjon som i liten grad kjem fram i planen.

Friluftslivet er vidare ein god arena for alternativ til organisert idrettsleg aktivitet, også i eit folkehelseperspektiv. Friluftslivsanlegg som padleanlegg, stisykling og dagsturhytter er av stor verdi. Målformuleringane i planframlegget er tenlege og aktuelle, mellom anna knytt til tilrettelegging for menneske med særlege behov.

Anleggsutvikling er eit komplisert tema, og målformuleringa om varierte anleggstypar i lokalsamfunnet er naturleg. Spelemidlar er avgjerande for å realisere eit slikt mål. Samstundes har Vestland lengst ventetid på spelemidlar i landet. Spelemiddelregelverket er vidare orientert mot anleggsstandardar, som får konsekvensar for sambruk og nyskaping.

Alver kommune ser det som positivt at planframlegget er tydeleg på innsats knytt til e-sport og gaming. I tida framover vil det vere viktig med eit bevisst skilje mellom ulike nivå av e-sport på den eine sida, og sosiale gamingarenaar på den andre. Her er behova for utstyr, kompetansenivå og samlokalisering med andre aktivitetar ulike. Alver kommune har gamingarenaar i sine fem ungdomsklubbar og samarbeid med lokale

frivillige organisasjonar innan e-sport og gaming.

- Planen bør sjå etter strategiar som kan bidra til auka felles innsats for vaksne i eit breitt folkehelseperspektiv.
- I eit langsiktig planperspektiv bør ein sjå etter særlege strategiar knytt til dei yngste, der gode tilhøve og rekruttering òg kan bidra til auka deltaking på ungdomsnivå i framtida.
- Gjeldande mangfald og inkludering bør ein sjå etter tettare samarbeid mellom kommune, fylket og idrettskrets for framtida.
- Alver kommune ber om forsterka innsats for å bøte på ventetida for spelemidlar. Ordninga nyskapande aktivitetsanlegg bør styrkast, og regionen har behov for eit fellesskap i utviklinga av framtidsetta idretts- og aktivitetsanlegg.
- Alver kommune vil peike på verdien av regional innsats knytt til satsingar innan friluftslivet, som kartleggingar, planarbeid, dagsturhytter, merking og gradering og overnattingskabinar, og ber om at slike fellessatsingar vert vidareutvikla i framtida.
- Alver kommune ønskjer at den regionale innsatsen for aktivitet på sjø vert styrka, og planen bør overordna perspektiv knytt til friuftsrådssamarbeida.
- Det er behov for større regionalt fellesskap for e-sport og gaming. Målformuleringa legg fram *armlengds avstand*. Dette er i følgje planframlegget elles eit overordna prinsipp i planen, og etter Alver kommunes syn ikkje eit behov som gjeld særleg for e-sport og gaming.

### 3. Frivilligheita

Alver kommune støtter intensjonen i målformuleringa knytt til frivilligheit, men vil peike på behovet for konkretisering og samkøying i framtidig arbeid. På lokalt nivå er oppfyllinga av eit slikt overordna mål i stor grad summen av svært mange små og mellomstore konkrete tiltak og utviklingar. Det er eit stort mål at frivilligheita skal fortsetje å vere ei sterk kraft i sine lokalsamfunn, samstundes som ho skal bidra sterkare inn til berekraft og inkludering.

Alver kommune saknar òg omtale av frivilligsentralars rolle som aktørar i kommunane.

- Målretta strategiar og satsingar må utarbeidast i tett samråd med kommunane og frivilligheitas ulike fellesråd og regionale kompetansefunksjonar
- Planframlegget omtalar frivillig- og amatørkulturdimensjonar gjennomgåande etter fagområde og tema, men har kort omtale av spørsmålet i seg sjølv. Planarbeidet bør sjå om denne korte aktøromtala vil treffe godt nok under eiga overskrift.
- Utstyrsentralar og frivilligsentralar er lite synleg i aktør- og fagplanen. Frivilligsentralar er møtepunkt mellom frivilligheita og det offentlege, og ein premissleverandør for gode kultur – og folkehelsesamarbeid lokalt. Utstyrsentralar har på kort tid vokst seg til eit stort felt i regional og nasjonal samanheng, og har behov for regional retning og drøfting om kompetansefunksjonar.

#### 4.1 – 4.3 Arenaar og møteplassar, bibliotek, DKS, UKM og kulturskulen

Alver kommune støtter målformuleringane knytt til arena- og møteplassutvikling og arenaar for profesjonell kunst og kultur, og ser spørsmål om regionalt kulturhus opp mot desse måla. Samstundes er behova for møteplassar mangfaldige, og drivne av kommune, frivilligheita og private. Planens fokus på vidareutvikling av eksisterande arenaar er tenlege, der mange lokale problemstillingar òg handlar om vidareutvikling av det etablerte.

Alver kommune støtter det tydelege og gode fokuset planframlegget har på bibliotekområdet. Samstundes kan ordval som *danning* og *opplyste borgarar* verke noko mindre utviklingsorientert enn aktuelle framtidsperspektiv knytt til *ytringsfridom*, *mangfald* og *kjeldekritikk*.

Kulturutgreiinga frå 2014 peiker på ressursbruk i kommunane, men utgreiinga begynnar å verte aldrande.

Status for 2022 på dette spørsmålet vil vere viktig informasjon for korleis ein kan jobbe for auka ressursar til bibliotekområdet. Utviklings- og prosjektmidlar dekker i mindre grad behov som kan oppstå med bakgrunn i avgrensa lokale ressursar. Slike midlar krev eigenfinansiering og tidsressursar, og dekker arbeid innan mindre tema og med mindre summar.

Fellesfunksjonar er avgjerande for god og effektiv bibliotekdrift og -utvikling. Samstundes kan oppgåvene og kostnadane vere ujamt fordelt.

Alver kommune ser målformuleringa om DKS som tenleg og god, og har sterkt fokus på DKS lokalt. Samstundes har Alver svært mange skular som skal få tilbod gjennom DKS. Den kommunale DKS-innsatsen er viktig for å sikre eit jamt fordelt og breitt tilbod til skulane, og kunne trekke vekslar på lokal kultur og kulturarv.

Alver kommune støtter målformuleringa knytt til UKM, men saknar omtale av ungdoms- og fritidsklubbar og andre eigenorganiserte arenaar i denne delen av planframlegget. Planen bør ta med seg viktige arenaar for eigenorganisert ungdomskultur

Alver kommune ser målformuleringa om kulturskulen som tenleg og god, og vil særleg peike på tema knytt til interkommunalt samarbeid innan talent- og kompetanseutvikling. Slike djupe utviklingsprogram er ressurs- og kompetansekreivjande for den einskilde kommune, og gjeld eit mindretal av elevane. Samstundes er det viktig at ikkje reiseveg vert for lang for den enkelte ved slike interkommunale satsingar.

Saman med arenautviklings- og mangfaldsspørsmål, er moglegheiter for kombinasjon av distriktsmusikarstillingar med arbeid og oppgåver i lokale kulturskular positivt. Bruk av kulturskulens ressursar inn i DKS og DKSS forankrar det lokale kulturperspektivet inn i skuleverket, og bidrar til å gjere kulturskulen til ein meir attraktiv arbeidsgivar.

- Alver kommune oppmodar at ein i framtidig arbeid ser til ressursfordelingsproblematikk i utviklinga av fellesfunksjonar og -tenester innan bibliotekfeltet. Vidare kan omtalen av feltet med fordel vere meir utviklingsfokusert, og målformuleringane med fordel spissast mot fremtidsretta perspektiv og bruk av omgrep.
- Alver kommune oppmodar fylket til å sjå på fordeling av DKS-midlar, for å vekte geografi og skuleletal på ein måte som kjem elevane til gode, der fordelinga til Alver per i dag ikkje er økonomisk berekraftig over lenger sikt.
- Alver kommune ber om at planen omtalar ungdoms- og fritidsklubbar, som demokratistyrte arenaar for eigenorganisert aktivitet, med stort potensiale for utvikling av barne- og ungdomsarbeidet i sitt nærmiljø.
- Alver kommune ønskjer vidare satsing på distriktsmusikarordningar, som kan stå i samband med lokale kulturskuleressursar. Alver kommune ønskjer å delta i dialog knytt til utvikling av talentutvikling på interkommunalt nivå innan kulturskuleområdet. Kompetansebehovet innan kulturskulen er stort, og satsingar frå regionale utdanningsinstitusjonar særleg retta mot kulturskulefeltet er svært positivt.

#### **4.4 – 4.5 Det profesjonelle kulturfeltet, kreativ næring, musikk, visuell kunst, scenekunst**

Alver kommune ser positivt til planframleggets sterke fokus på kunstfeltet, kompetansebehov, kulturnæringsutvikling og opplevingsdimensjonar. Desse temaa er avgjerande del av kulturfeltets infrastruktur, som òg amatørkulturen og frivilligheita er avhengige av.

I arbeidet med Alvers samfunnsdel og KDP for kultur, idrett og friluftsliv kjem det fram tydelege behov for auka fokus på kultur- og opplevingstilbod med profesjonelle dimensjonar , og kunst i det offentlege rom. Kulturundersøkinga for Alver i 2019 viser òg at innbyggjarane i mindre grad er nøgde med tilboda innan temaa.

Feltet er samansett, og består av ei rekke små føretak i tett samspel, som likevel kan ha stor rekkevidde.



Regionale kompetansesenter og god fysisk infrastruktur er avgjerande for feltet.

Alver kommune er del av ein større arbeids-, busetnad- og kulturregion, og dreg nytte av tilbod, marknad og kompetanse som eksisterer i Bergensregionen. Samstundes kan tala tyde på at innbyggjarane i Alver i mindre grad nyttar seg av tilbod i Bergen enn forventa, og i mindre grad har tilgang på opplevingstilbod i brei forstand i eigen kommune. Alver er vidare ein svak heimleg marknad for næringar som driv innan kultur- og opplevingsverksemd, og har få lokale høve for utdanning innan kulturfeltet.

I dei seinare åra har arena- og prosjektutvikling i Alver fokusert på desse spørsmåla, mellom anna med etableringa av Meieriet Frekhaug, tilrettelegging for kultur i nye skuleprosjekt, og fokus på kultur- og aktivitetsbasert reiseliv og prosjekt knytt til kunst i det offentlege rom.

Alver kommune har vore vertskap for TV- og filmproduksjonar dei siste åra. Kyst- og kulturlandskapet i regionen er veileigna, og Alver kommune ønskjer slike produksjonar velkomne. Samstundes er det historiefortelling og forfattarskap frå regionen som i liten grad er reflektert innan TV- og film.

Alver kommune er velkjent som ein stor korpskommune, med eit breitt og variert miljø. Sterke skulekorps, vaksenkorps og elitekorps utgjer eit økosystem som er utviklande og inkluderande, er bevisste rekrutteringsarbeid og utvikling av brass som eigen kunstart.

Alver har vitale kormiljø, og fleire arrangørorganisasjonar. Regionale kompetansefunksjonar er viktige, og samarbeidsflatar mellom amatørkulturråda vitkige. Samstundes peiker særleg musikkfeltet på behova for betre akustisk tilrettelegging i øvingslokala, og eit større produksjons- og framsyningslokale som kulturhus.

Tilbodet innan scenekunst er avgrensa i Nordhordland, mellom anna grunna mangel på framsyningsarenaar. Likevel har regionen eit samla og sterkt revymiljø. Fokus på scenekunst innan DKS, både tilreisande produksjonar og tilgang på elevframsyningar ved større etablerte institusjonar i Bergen, har eit regionalt perspektiv, der kostnadane for reiseverksemda er aukande, mens større produksjonsarenaar manglar lokalt.

- Alver kommune vil peike på målformuleringa og omtale knytt til kulturbasert næringsutvikling og auka attraktivitet og bulyst, som ei svært aktuell problemstilling i Nordhordland.
- Alver kommune støtter målformuleringa knytt til det profesjonelle kunstfeltet, men ønskjer å peike på at denne er aktuell for eit breiare kulturperspektiv enn profesjonell kunstverksemd, og kan vurderast meir ålment opp mot det øvrige planframlegget.
- Alver kommune ser behova for regional innsats for kompetanse og samarbeid for å styrke feltet vidare, og ønskjer å vere ein aktiv part i strategiutviklingsprosessar i framtida. Kommunen har etablerte mål og strategiar for visuell kunst og arenautvikling, mellom anna kulturhus, og dagens tilskotsordningar til kulturbygg bør styrkast.
- Alver kommune ser positivt til regional innsats for å styrke samarbeidet mellom amatørkulturråda i kommunane.
- Alver kommune ser behov for regionalt fokus på samspel knytt til utvikling av kultur- og opplevingsnæringar, som ytre del av ein større kulturregion rundt Bergen.
- I samband med målformuleringa knytt til film i Vestland som speglar og utfordrar samfunnet, ønskjer Alver kommune å rette merksemd til Nordhordlandsregionen, som ein arena for filmproduksjon og eit utgangspunkt for historiefortelling.
- Alver kommune ser målformuleringane knytt til musikk som tenlege, særleg sett i samband med spørsmål om arenautvikling.
- Alver kommune ser målformulering knytt til litteratur som tenlege.
- Alver kommune ser målformulering knytt til visuell kunst som god. Alver kommune ser behov for at det i større grad er tilgjengelege prosjektmidlar til regionale utviklingssamarbeid med deltaking frå kommunar, profesjonelle og dei frivillige delane av feltet.
- Alver kommune vil peike på Nordhordlands posisjon for å kunne tilby berekraftige og kulturbaserte reiselivs- og opplevingstilbod, særleg knytt til friluftslivet på land og sjø og i samband med eventuell nasjonalpark i Masfjordfjella.

#### 4.6 – Nynorsk språk og internasjonalt kultur- og idrettsliv

Alver er ein av landets største nynorskkommunar, og har tydelege målsetjingar knytt til språk. Alver kommune støtter avsnittet 4.6 om språk, og innsjonen med målformuleringa.

- Omgrepet *kvardagsspråk* kan oppfattast lite definert, og ein kan i målformuleringa med fordel vurdere plass til språkdimensjonar knytt til fag- og administrasjonsspråk.
- Alver kommune har ei veksande satsing på *Nynorskdagane i Alver*. Alver ser at denne nynorske kulturfestivalen har potensiale til å verte ei satsing med regional og nasjonal rekkevidde, og ber om at fylkeskulturplanen ser positivt til denne nynorske kultursatsinga.
- Alver kommune vil peike på viktigheita av regional rådgjeving og kompetanseutveksling knytt til internasjonale samarbeid, og ønskjer å bidra i dette spørsmålet.

#### 5 Inkludering, intergrering, folkehelse, helse, DKSS

Alver kommune støtter formuleringane under inkludering og mangfald, og ser målformuleringane som gode oppdrag til kulturfeltet. *Ingen skal utelatast* er ei klar melding til området, men er ikkje formulert som eit mål. Alver kommune har eit tett samspel mellom flyktingtenester og kultur på ein rekke felt, med mål om blant annet få inkludert fleire i kultur og idrett.

Generelt prøver 5.1 å gape over mange store spørsmål, som inkludering, integrering, mangfaldsperspektiv og arbeid. Dette er tema med ulike kontekster og ikkje alltid av lik karakter. Planarbeidet bør sjå om dette kapittelet skal brytast opp noko, for å tydeleggjere problemstillingane i større grad.

Målformuleringane om folkehelse og kultur og helse er naturlege oppdrag til det breie kulturfeltet, men er òg gjennomgripande perspektiv. Planframlegget framstår ikkje som ei tydeleg bestilling i eit helseperspektiv.

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ein avgjerande del av seniorkulturen, men vil frå lokalt ståstad framstå som underfinansiert. Vidare er kulturtilbod til senior og eldre mykje breiare enn DKSS aleine. Behovet er aukande, og mottakarane mangfaldige. Kompetanse knytt til tilbod til yngre brukarar bør styrkast.

- Alver kommune vil særlege peike på viktigheita av inkluderande kulturtiltak som Fargespill/Fleire fargar og at kompetanse på metodikken er tilgjengeleg lokalt. Dette er kostbare produksjonar men med stor effekt. Ein bør vurdere støtteordningar for lokale produksjonar i fylket.
- Alver kommune ønskjer at planen retter tydeleg merksemd til musikkterapifeltet
- Utstyrssentralar bør omtalast i planen, dette er viktige og effektive tiltak, som inkluderer, aukar deltakinga, sørgjer for mangfald og har ei klar sosio-økonomisk side.
- Planen bør omtale perspektiv breiare enn DKSS knytt til senior- og eldre. Sosiale kultur- og aktivitetstilbod utanfor institusjon er viktig for svært mange, og kan utvide perspektivet for fleire dei som er i institusjon.

Alver kommune ser at seniorkulturfeltet har store behov for framtida, og ønskjer at det vert retta fokus på dette i planen i eit breitt perspektiv.

#### Vedlegg i saken:

27.09.2022	Handlingsprogram høyringsutkast politisk vedteke	1809974
27.09.2022	Regional plan for kultur idrett og frivilligheit høyringsutkast politisk vedteke	1809975
27.09.2022	Aktør og fagplan høyringsutkast politisk vedteke	1809976

